



STORTINGET

Representantforslag 73 S

(2024–2025)

frå stortingsrepresentantane Ingrid Fiskaa, Kirsti Bergstø og Torgeir Knag Fylkesnes

Dokument 8:73 S (2024–2025)

Representantforslag frå stortingsrepresentantane Ingrid Fiskaa, Kirsti Bergstø og Torgeir Knag Fylkesnes om å trekke oljefondet ut av okkupasjon og krigsbrottsverk

Til Stortinget

Bakgrunn

Oljefondet har i lengre tid vore investert i ei rekkje selskap som bidrar til Israels ulovlege okkupasjon av palestinske område. Det er selskap som Caterpillar, som produserer bulldosarane som busetjarar brukar til å jamna palestinske gardar med jorda, HP, som leverer IT-utstyr brukt i overvaking, selskap som har fabrikkar på okkupert område, bankar som gir lån til busetjarar, og så bortetter. FN har lenge operert med ei svarteliste som inkluderer både israelske og utanlandske selskap.

Israels okkupasjon av Vestbreidda, Aust-Jerusalem og Gaza er erklært ulovleg av Den internasjonale domstolen. Noreg er forplikta til å gjera alt landet kan for å hindra bidrag til den ulovlege okkupasjonen.

Til trass for ein mangeårig kampanje frå Norsk Folkehjelp, Fagforbundet, Palestinakomiteen med fleire har verken Noregs Bank Investment Management eller Etikkrådet for Statens pensjonsfond utland rydda opp i porteføljen. Noregs Bank peiker på Etikkrådet, og Etikkrådet har i eit brev til Finansdepartementet uttalt at retningslinjene ikkje nødvendigvis vil omfatta alle desse selskapa. Etikkrådet skriv også i brevet at det ligg utanfor mandatet deira å vurdere eventuelle folkerettslege for-

pliktingar som Noreg måtte ha knytt til fondet sine investeringar.

Ifølgje Noregs Bank sitt mandat skal dei følgja internasjonale standardar som UNGP (The United Nations Guiding Principles on Business and Human Rights) og OECDs retningslinjer for ansvarleg næringsliv i forvaltninga av oljefondet. Daverende finansminister Trygve Slagsvold Vedum slo i svaret sitt på skriftleg spørsmål frå stortingsrepresentant Ingrid Fiskaa (SV) den 31. januar 2025, jf. Dokument 15:996 (2024–2025) fast dette:

«Noregs Bank skal mellom anna fastsetje prinsipp for ansvarleg forvaltning som skal vere basert på omsyna til god selskapsstyring, miljø og samfunn i tråd med internasjonalt anerkjende prinsipp og standardar frå OECD og FN.»

Desse retningslinjene tilseier at Noregs Bank skal gjera skjerpa aktsemdsvurderingar når det kjem til konfliktområde der dei også skal ha ein exit-strategi. Men dette er verken omtalt i Noregs Bank sine forventingsdokument eller reglar om førehandsfiltrering eller risikobasert nedsal. Representantane bak dette forslaget merkar seg at KLP har utelukka Caterpillar frå aksjefortføljen på bakgrunn av UNGP og OECD sine retningslinjer, og har også merka seg tilrådingane frå regjeringa om at næringslivet ikkje skal bidra til den ulovlege okkupasjonen. Når Redd Barna i Børsen Dagbladet den 7. januar 2025 peiker på at slike skjerpa aktsemdsvurderingar ikkje samsvarer med oljefondets vedvarande investeringar i selskap som bidrar til Israels ulovlege okkupasjon av palestinske område, nektar Noregs Bank for at mandatet gir dette ansvaret.

Representantane bak dette forslaget meiner at denne ballkastinga mellom Etikkrådet og Noregs Bank gjer det heilt naudsynt med ein instruks frå regjeringa. Slik

finansministeren gav tydeleg beskjed til Noregs Bank om å selja seg ut av russiske selskap etter Russlands folkerettsstridige invasjon av Ukraina i 2022, bør finansministeren no gje instruks til Noregs Bank om å trekkja investeringane ut av selskap som bidrar til Israels ulovlege okkupasjon av palestinske område. Våpenselskap som leverer våpen til Israel, bør også omfattast av eit slikt nedsal, då desse selskapa har bidratt til krigsbrotsverk i Gaza dei siste 500 dagane og brotsverka ser ut til å halda fram med full styrke på Vestbreidda. Noreg må avslutta alle bidrag til Israels folkerettsbrot. Noreg må lytta til FN.

Forslag

På denne bakgrunnen blir det fremja følgjande

for s l a g :

Stortinget ber regjeringa gje instruks til Noregs Bank om å selja oljefondet ut av selskap som bidrar til Israels krigsbrotsverk og ulovlege okkupasjon.

6. februar 2025

Ingrid Fiskaa

Kirsti Bergstø

Torgeir Knag Fylkesnes